



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 Valestrandfossen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1110 - 23/16749

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-
arell@alver.kommune.no

Dato:
28.02.2023

Melding om manglar - Forslag til detaljreguleringsplan for del av fv. 410. PlanID 12602018000100

Om fremja privat reguleringsplanforslag

Vi viser til innsendt planframlegg til 1. gongs handsaming for Fv410 (no fv. 5486) Langhøyane - Kjebogen, mottatt 24.2.2023.

Kommunen har vurdert planframlegget til å vere mangelfullt. Planforslaget vert returnert til forslagsstillar for suppleringsplan, og fristen for vidare handsaming vert avbrote i påvente av revidert planframlegg. Under følgjer ei opplisting av manglar som må følgjast opp før kommunen kan halda fram med handsaminga av planframlegget.

Naturmangfoldrapport

- Sjekkliste for naturmangfoldrapport ligg ikkje vedlagt planframlegget. Malen finn dykk via denne linka: [Mal for naturmangfoldrapport](#)

Trafikkanalyse

- I planskildringa må det føreligge ei omtale på kvifor dykk har vurdert at det i denne saka ikkje har vore naudsynt å utarbeide ei trafikkanalyse.

Støyanalyse

- I planskildringa må det føreligge ei omtale på kvifor dykk har vurdert at det i denne saka ikkje har vore naudsynt å utarbeide ei støyanalyse.

Planskildring

- Det må føreligge ei framskrivning av ÅDT på 20 år.
- Det må føreligge ei vurdering i ROS om det er naudsynt med støyskjerming for eksisterande bustad innanfor planområde.

Føresegner

- Under § 3.8 om støy må det gå fram kva tabell i T-1442/2021 som gjeld for område og grenseverdiar som skal gjelda må sikrast i føresegna.

Vidare saksgong

Revidert planframlegg skal stilast til post@alver.kommune.no

Lovgrunnlag

Kommunens høve til å stanse sakshandsaming av reguleringsplan er heimla i *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering § 7 andre ledd*.

Har de spørsmål?

Har de fleire spørsmål i høve til dette er de velkomne til å ta kontakt med planavdelinga ved lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult As
Arkoconsult As

Postboks 103
Postboks 103

5291
5291

Valestrandsfossen
Valestrandsfossen